



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Tor Erik Hellesund

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/260 - 17/7338

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
06.06.2017

Landbrukssak Gbnr 22/8 Rikstad - fellingsløyve på rev - svar

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 01.06.17.

Tor Erik Hellesund søker, på vegne av sin far Magnar Hellesund, om å gjennomføra hijakt i fredningstida 15/4 – 15/7, med mål om å redusere lammetapa våren 2017.

Bakgrunn

Raudrev

Raudrev har ein god bestand på landsbasis og bestanda er tallrik i Radøy. Det er framleis tilfelle av skabb i bestanda og ein prøver å halde bestanda lav for å unngå smitte. Jaktida for rev er 15/7 - 15/4, fredningsperioden er ynglingstid for reven. I ynglingstida vil ein stor del av revane ha kvalpar gjøymd i hi, vanleg skadefelling er difor lite aktuelt i denne tida.

Området

Radøy er ei øy med stor del landbruksdrift. Landskapet er kupert med slåttemark og beite som vert avløyst av skog og utmark. Sauehald er den dominerande driftsforma i landbruket på Radøy i dag og fleire har i aukande grad problem med tap av sau til rev. Landskapet og revens døgnrytme gjer det vanskeleg å beskytte dyra. Det er aukande interesse og fokus på revejakt i området og i kommunen generelt.

Lovgrunnlag

Skadefelling vert løyvd på grunnlag av forskrift om felling av viltartar som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon. Hijakt på skadegjerande rev hjemles i forskriftens kapittel II. B tredje ledd.

«Kommunen kan tillate hijakt på rødreve dersom denne forårsaker vesentlig skade på beitande bufe».

Forskrifta stillar generelle vilkår for skadefellingsløyve:

«Viltlovens § 14 setter krav om at skade skal ha skjedd. Dette må forstås slik at skaden skal ha oppstått i inneværende sesong, og i et omfang som er av vesentlig økonomisk betydning for den skadelidte, eller som vil få tilsvarende betydning dersom skaden fortsetter.»

Det krevjast og at:

1. «Avliving av skadegjørende viltarter skal skje sikkerhetsmessig og humant forsvarlig.»
2. «Før felling plikter eier, bruker eller rettighetshaver i rimelig utstrekning å forsøke andre tiltak.»

Vurdering

Fredningsprinsippet og forebyggjande tiltak.

Det er i forskrift sett nokre vilkår som må følgast. Eigar, brukar eller rettighetshavar skal ha gjort naudsynte tiltak for å redusere skaden på fellingsløyve handsamast. Grunneigar har tilsyn med sauane sine og observert rev vert forsøkt jaga. Det er og jakt på rev i området i jakttida. Det har ikkje løyst problemet og det er no truleg eit hi inne i beiteområdet. Om flytting av sau til andre beiter hadde vore ei løysing forutset landbrukskontoret at bonden hadde gjort slike tiltak.

Landbrukskontoret forutset at og at jakttrykket haldes oppe i kommande jaktseongar for å betre tilhøva for kommande beitesesongar.

Skade inneværande år og vesentleg økonomisk tap.

Grunneigar har dokumentert tap av lam frå utegangarsau våren 2017. Ein hyttenabo var vitne til at eit av lamma vart teke av rev. Fleire lam er tekne av rev fram til no og skaden er av vesentleg økonomisk betydning. Da det truleg er hi på beite er potensialet for skade vedvarande.

Sikkerhetsmessig og human jakt

Forskrifta sett krav til human og sikkerhetsmessig jakt, samstundes seier §1-1: «Avlivast eit mordyr i yngletida bør avkommet av dyrevernmessige hensyn om mulig avlivast». Det settes her krav til at jeger kontrollerar dyrets kjønn og om det er eit hodyr vurderar om det er kvalpar i hi. Dette kan fastsettes ved å sjekke om dyret har mjølk i pattane. Er det eit mordyr skal ein avlive avkommet og.

Ved hijakt er det viktig at jegerane tar eigen og andres sikkerheit på alvor og har med seg erfarne jegere.

Vedtak

Landbrukskontoret gjev Tor Eirik Hellesund løyve til å ta ut 1 revehi (totalt 2 vaksne rev) i sitt beiteområde, grunneigars samtykke til jakt må innhentas.

Det skal avlivast skadegjerende individ og kvalpar skal avlivast om ein skyt eit mordyr.

Grunneigar må gje løyve til felling på deira eigedom før felling starter.

Løyve er gyldig til og med torsdag 29. juni 2017.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg og innan 1. juli 2017.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf !! 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket elelr krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b.

Dersom du har spørsmål i saka, ta kontakt med rådgjevar labndbruk Andreas Sandnes Granli.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tor Erik Hellesund